



DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 35

(2006–2007)

Om lov om endring i lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur (akvakulturloven)

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet av 23. mars 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Fiskeri- og kystdepartementet gjer i denne proposisjonen framlegg til lov om endring i lov av 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur (akvakulturloven). Formålet er å leggje til rette for å gjere om dagens gebyr for tilsyn og kontroll av lokalitetar til ei sektoravgift i tråd med nye retningslinjer utarbeidde av Finansdepartementet. Lovframlegget går ut på å leggje til «avgift» i akvakulturlova § 26 slik at departementet òg får heimel til å gi forskrift om avgift om tilsynsarbeid.

2 Bakgrunnen for lovframlegget

Ved handsaminga av St. prp. nr. 1 for budsjettåret 2007, har Stortinget lagt til grunn at enkelte tilsynsoppgåver skal finansierast av ei sektoravgift. I nye retningslinjer for gebyr og avgiftsfinansiering av statlege styresmakthandlingar, R-112/2006, klarer Finansdepartementet kva vilkår som bør vere oppfylt for gebyr- og avgiftsordningar. Eit grunnvilkår for gebyrordningane er etter retningslinjene i R-112 at gebyrplikta er knytt til den som mottok ei klart definert handling av styresmaktene. Hovudmålet med ei sektoravgift er å finansiere utgiftene til bestemte tiltak, for eksempel fellestiltak for ei næring der avgiftene vert betalte av næringa sjølv.

I forskrift om innkreving av gebyr til statskassen for offentlige oppgaver i forbindelse med oppdretts- og havbeitevirksomhet av 21. desember 2001 nr. 1597 vart det i § 3 fastsett eit årleg gebyr på kr. 3.500,- pr. lokalitet, for å betale kostnader for kontroll av lokalitetar for matfisk, stamfisk og FOU-anlegg i sjøvatn. Gebyret er ein fast sum knytt til kvar lokalitet, og er ikkje direkte knytt til tilsynshandlingane. Utviklinga synes òg å gå i retning av meir risikobasert kontrollarbeid der ikkje alle lokalitetar vert kontrollerte i løpet av ein bestemt tidsperiode. Det er difor slik at gebyrpliktige ikkje kvart år mottok ei klart definert offentlig styresmakthandling. Gebyrordninga bør difor endrast til ei sektoravgift.

3 Gjeldande rett

I akvakulturlova § 26 første ledd går det fram at «departementet kan gi forskrift om gebyr for behandling av søknader og for utførelse av tilsynsarbeid i henhold til bestemmelser i eller i medhold av denne lov.» I akvakulturlova § 26 andre ledd går det fram at «skyldig gebyr er tvangsgrunnlag for utlegg.»

§ 26 gir departementet heimel til å fastsetje gjennom forskrifter gebyr for oppgåver som blir gjort av statlege styresmakter innanfor området til akvakulturlova.

4 Nærare om innhaldet i lovframlegget

Lovframlegget går ut på å leggje til «og avgift» etter «gebyr» i akvakulturlova § 26 første og andre ledd slik at departementet òg får heimel til å gi forskrift om avgift om tilsynsarbeid.

5 Høyringa

Fiskeri- og kystdepartementet sende 13. februar 2007 på høyring eit notat med forslag til endring i akvakulturlova til følgjande instansar:

Finansdepartementet
Fornyings- og administrasjonsdepartementet
Justis- og politidepartementet
Kommunal- og regionaldepartementet
Miljøverndepartementet
Nærings- og handelsdepartementet
Olje- og energidepartementet

Fiskeridirektoratet
Mattilsynet
Direktoratet for naturforvaltning
Sametinget
Statens forureiningstilsyn

Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening
Kommunanes Sentralforbund
LO v/Fellesforbundet
Norske Sjømatbedrifters Landsforening

Høyringsfristen var sett til 28. februar 2007. Det vart gjort vedtak om forkorta høyringsfrist på to veker i medhald av Utgreiingsinstruksens sitt pkt. 5.2 jf. pkt. 1.3. Grunngevinga for forkorta høyring var å få fram saka raskt og at framlegget til lovendring er av teknisk karakter og ikkje inneber reelle endringar for næringa.

Det kom inn svært få merknader til forslaget i høyringa. *Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening* understrekar forskjellane mellom gebyr og avgift, og at det offentlege får ein breiare lovheimel til å påleggje næringa avgifter. *Fiskeri- og havbruksnæringens Landsforening* tek til etterretning at endringa vert gjord for å endre kontroll og tilsynsgebyret.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget medfører ikkje nemneverdige økonomiske eller administrative konsekvensar.

Fiskeri- og kystdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endring i lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur (akvakulturloven).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak til lov om endring i lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur (akvakulturloven) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag
til lov om endring i lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur
(akvakulturloven)

I

I lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur (akvakulturloven) skal § 26 lyde:

Departementet kan gi forskrift om gebyr *og avgift*, for behandling av søknader og for utførelse av tilsynsarbeid i henhold til bestemmelser i eller i medhold av denne lov.

Skyldig gebyr *og avgift* er tvangsgrunnlag for utlegg.

II

Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset.



